

Utrekning av reduserte kostnader grunna elevtalsutvikling

I denne berekninga har vi sett på kva teoretisk innsparingspotensiale som ligg i redusert elevtal aleine. Vi har lagt til grunn det folkeregistrerte elevtalet så langt det går, og deretter SSB sin middels folketalframskriving.

I utrekninga har vi har brukt fordelingsmodellane som er gjeldande i dag. Dei vart laga i samband med kommunesamanslåinga og tar føre seg:

1. Klassedeling og utløyst timetal (lærartimar)
2. Driftsmidlar
3. Vikarpott
4. Assistentressurs
5. Faste utgifter som er uavhengig av elevtal

Modellane gjer utrekningar bassert på elevtal, på kvar enkelt skule, og på kvart enkelt trinn. Vi opererer dermed med små «populasjonar» når vi framskriver elevtal på klassetrinn fram i tid, noko som gjer denne øvinga svært usikker.

Slik gjekk vi fram

1. Vi brukte informasjonen vi har om folkeregistrerte barn under skulealder til å estimere kor mange barn som var venta på kvart årstrinn fram til og med skuleåret 28/29. Deretter nytta vi framskrive elevtal for skulekrinsen, korrigerate talet mot året før, og estimerte elevtala vidare fram til skuleåret 43/44. Vi har no ein tabell for kvar skule, med eit estimert elevtal på kvart trinn fram til 43/44.
2. Vi valde 28/29 og 33/34, som referanse-år. 28/29 fordi det er det siste året vi har elevtal frå folkeregisteret, og 33/34 for å få eit 10-års intervall.
3. Vi la elevtala dei fire referanseåra inn i modellen som definerer tal klassar og fordelt timetal. Kriteria kan ein lese i *Vedlegg 19 – Handbok ressursfordeling*.
4. Det totale timetalet vi no står att med vart multiplisert med estimert pris per årstime. Ved gjennomgang av lønsutgifter på alle skulane, fordelt på tal timar undervisning som vert gitt, er pris per årstime estimert til kr 51 000kr.
5. Deretter har vi sett på driftsmidlar fordelt etter elevtal. Dette er ei fordeling av ei gitt ramme ut i frå elevtal, og fast grunnressurs. Kvar skule er sikra ein fast grunnressurs til kostnadar som kjem til uavhengig av elevtal. Deretter vert resten av ramma fordelt etter elevtal på to ulike nivå, litt høgare sats for ungdomsskulelevar enn barneskulelevar. Driftsutgiftene omfattar lærebøker, lisensar på digitale verktøy, digitale tavler, datamaskiner/iPad, anna undervisningsmateriell, forsikringar m.m. I utrekninga har ein lagt til grunn budsjettnivå for skuleåret 24/25.
6. «Vikarpott» med utgangspunkt i dagens nivå, og framtidig elevtal. Vikarpotten er ein fast sum som vert fordelt på tal årstimar som vert gitt inneverande skuleår. Skulane får ein disponibel vikarpott ut i frå kor mange årstimar dei har.
7. Assistentressursen er ein budsjettpost som vert fordelt etter elevtal på kvar enkelt skule. Her reknar vi ut kva lønsutgifter assistentar, miljøarbeidarar og merkantilt tilsette utgjer. Modellen tar omsyn til elevtal fordeling av timar med assistentar. Miljøarbeidar og merkantilt tilsette ligg fast, og vert justert etter konkrete vurderingar, og ikkje dynamisk etter elevtal.



Vedlegg 18 Usikkerheit

Det er viktig å poengtere at denne teoretiske øvinga er usikker og har svakheiter ved seg, og dermed må tolkast som eit teoretisk innsparingspotensiale, som ikkje er realitetsvurdert. Ein bør i det heile vere veldig forsiktig med å dra konklusjonar på bakgrunn av denne utrekninga.

- Elevtalsgrunnlaget som er nytta i utrekninga for 28/29 er basert på folkeregistrerte barn i kommunen ved årsskiftet 2023-2024. Det er dermed ikkje tatt omsyn til forventa til- og/eller fråflytting i perioden fram til 28/29.
- SSB sin middels framskriving syner eit noko høgare elevtal då dei har kalkulert ei forventa tilflytting. Innsparingspotensialet vi har komme fram til vil derfor vere lågare dersom framskrivinga til SSB slår til fram mot 28/29.
- Små utslag kunne påverke tal klassar ved skulane i begge retningar. I verste tilfelle vil ei auke på 61 elevar utløyse 13 klassesdelingar, dersom elevauken treff på dei klassane som er nær delingstalet. 13 klassesdelingar utgjør ei kostnadsauke på om lag 19,5 MNOK. Innflytting til kommunen og intern mobilitet vil dermed påverke i stor grad.
- Pris per årstime på 51 000 er rekna ut ved å sjå på lønnskostnadane på kvar enkelt skule, og fordelt det på tal årstimar som vert gjeve. Det betyr at også skuleleiing er rekna inn, noko som gjer at prisen blir for høg, og den utrekna reduksjonen i lønsutgifter større enn realiteten. Summane varierer frå 57 600 kr til 42 159 kr. 51 000 er snittprisen i kommunen.
- Ei auke i tal elevar i løpet av året vil kunne utløyse klassesdeling med ein gong. Dersom elevar flyttar frå skulekrinsen, tar ein ikkje ned klassesdelinga før neste skuleår. Dette blir som ei krabbeteine, der det fort vert auke i utgiftsnivået, utan moglegheit for å redusere tal klassar, sjølv om elevtalet går under delingstal. Dette er ei svakheit ved fordelingsmodellane.
- For skuleåret 33/34 er det SSB sitt middels estimat som er lagt til grunn for elevtalet. Det er ein differanse mellom dei folkeregistrerte barna, og SSB sitt anslag. Denne differansen gir utslag ved at enkelte klassekull er kunstig høge eller låge.
- Ressursordelingsmodellen som reknar ut timetalet legg til grunn elevtal på kvart enkelt trinn. Dette aukar usikkerheita i anslaget betydeleg. Vi gjer derfor berre øvinga med SSB-tal (skuleåret 28/29) på sektornivå.
- Vikarpott, og assistentressursar vert fordelt ut i frå ei budsjetttramme, og dermed er totalsummen lik alle år. I realiteten vil ein truleg redusere ramma når elevtalet går ned.
- Vi ser at det er behov for meir (og dyrare) kompetanse inn i skulen til å følgje opp komplekse elevutfordringar, som til dømes miljøarbeidarar m.m.
- Ny opplæringslov set krav til kompetansen til elevassistentar, dette vil gjere det vanskeleg for skulane å nytte ufaglært arbeidskraft. Summen som i dag går til assistentar bør truleg aukast for å møte nye krav.
- Skuleleiarressursen er òg ein del av kostnaden per årstime. Utrekninga som er gjort legg derfor til grunn at leiingsressursen også vert redusert, noko som er ikkje vil vere realiteten då det er fleire faktorar enn elevtal som bestemmer leiingsressurs.



Vedlegg 18

Resultat av utrekninga

Vi syner her resultat for kvar enkelt skule fram til 28/29, sjølv om tala er usikre. Frå 28/29 vert teoretisk innsparingspotensiale samla for alle skulane. Det er her gjort ei vurdering på at framskrivne tal på klassenivå er så usikre at dei ikkje gir noko reel verdi i kunnskapsgrunnet. Resultat for kommunen samla vil vere noko tryggare då effekten av store tals lov slår inn. Alle tal i kroner.

Skule	Budsjett 24/25	Estimert budsjett 28/29	Differanse
Bygstad	11 993 955	11 770 332	- 223 623
Flatene	25 311 467	23 784 850	- 1 526 617
Førde barneskule	24 803 994	21 918 014	- 2 885 980
Førde ungdomsskule	33 382 319	28 628 153	- 4 754 166
Halbrend skule	40 250 132	32 841 056	- 7 409 076
Holsen	6 981 999	6 373 914	- 608 085
Naustdal	37 083 195	34 921 640	- 2 161 555
Sande	35 045 066	34 269 540	- 775 527
Skei	19 828 824	19 310 233	- 518 591
Slåtten	41 856 277	38 311 964	- 3 544 313
Sunde	16 774 458	15 117 391	- 1 657 067
Vassenden	31 513 651	26 145 678	- 5 367 973
Vevring	1 811 511	1 787 890	- 23 621
Viksdalen	7 499 298	7 340 210	- 159 088
Sum	334 136 146	302 520 864	- 31 615 282

Slik ser reduksjonen ut fram mot skuleåret 33/34

Budsjett 24/25	Reduksjon 28/29	Reduksjon 33/34
334 136 146	- 31 615 282	- 49 015 582